

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato 05.05.2023
Vår referanse 2023/56208-4
Dykkar referanse
Sakshandsamar Sigrun Wølstad
E-post Sigrun.Wolstad@vlfk.no
Telefon 96944535

Att. Øystein Hafnor Kolstad

Varsel om arkeologisk registrering - Nydyrking - gnr. 493 bnr. 3 - Straume - Alver kommune

Vi viser til brev fra Alver kommune datert 30.03.2023 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Søknadane gjeld plan om nydyrking på Straume gnr. 496, bnr. 3. Vi viser og til vårt varsel om kulturhistorisk synfaring til Alver kommune datert 14.04.2023. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturmiljømynde.

Vestland fylkeskommune legg til grunn at Landbruksavdelinga i Alver har sendt søknad om nydyrking til Statsforvaltaren i Vestland for uttale, jf. forskrift om nydyrking § 9, og at saka blir handsama i medhald av § 5a. og § 6, andre ledd i ovanfornemnde forskrift.

Synfaring vart utført 20.04.2023. Vi vurderer det omsøkte arealet til å ha høgt potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Områdets høgd over havet og topografiske forhold indikerer potensielle for funn av buplassar og aktivitetsstader frå steinalderen. Store delar av myra er djupare enn 4 meter, men nokre stadar er ho grunnare (1,5 – 4 meter). I omkringliggende areal er det påvist eit stort tal arkeologiske kulturminne. Nokre av desse er utgravne av Universitetsmuseet i Bergen, blant anna lokaliteten «Kotedalen». Omfanget av funn er av særskilt viktig betydning innan nasjonal og internasjonal steinalder arkeologi. Vi finn det dermed naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova.


Omsøkte nydyrking omfattar areal på over 15 dekar og utgjer såleis eit større privat tiltak jf. Rundskriv T-02/2007. For større, private tiltak, skal tiltakshavar sjølv dekkje utgiftene til arkeologisk arbeid etter kulturminnelova §§ 8 og 9.

Budsjett for registreringa er lagt ved, jf. kml. § 10. Vi tek etterhald om justering av tid knytt til førebuing, felt- og etterarbeid innanfor budsjettet og eventuell auke i satsar. Vi må også ta etterhald om ytterlegare undersøking og endring av budsjettet viss omfanget av nydyrkingsa blir endra undervegs eller ved uføresette hendingar. Kostnader til gravemaskin, gravemelding, kabelpåvising og evt. arbeidsbrakke er ikkje inkludert i budsjettet. Tiltakshavar blir fakturert for nytta tid og kostnader.

Vi legg registreringa inn på arbeidsplanen når akseptskjemaet er motteke. Registreringa må gjennomførast på snø- og telefri mark og når dei klimatiske forholda elles gjer det mogleg. Feltsesongen vår er normalt frå april til november. De blir kontakta i forkant av registreringa.

Søkjar/tiltakshavar ordnar

Det blir behov for bruk av gravemaskin, det er ein fordel at tiltakshavar ordnar med gravemaskin då ein lokalt kan få betre prisar enn vi kan eller ein har rammeavtale. Arkeologisk registrering med maskin er presisjonsarbeid og må utførast av godkjent førar og maskin. Maskina må vere 8 - 13 tonn med pusseskuffe og helst rotortilt. Sjå også vedlagt akseptskjema. Eventuelle følgjeskader er å rekne som privatrettslege forhold som blir avklara mellom tiltakshavar og grunneigar/andre.



Figur 1. Bilde til venstre nydyrkning ca. 10 dekar, bilde til høyre nydyrkning 50 dekar, til sammen 60 dekar

Registreringsmetodar

Det blir nytta fleire metodar ved registrering. Kva metode som er vald, er avhengig av topografi og kva type kulturminne vi reknar med å påvise. Med dei ulike metodane kan det lokaliserast kulturminne med eller utan synlege spor på markoverflata. Arealet består av myr som stadvis er djup og det er difor behov for gravemaskin. Ved maskinell prøvestikking med gravemaskin vert myra fjerna i mindre områder, ned til undergrunn/grus/sand. Eigna massar blir oftast vass-sålda i 4 mm såld for å fange opp eventuelle funn.

Omfang av registreringa

Det er i denne saka budsjettert med 2 personar i felt i inntil 15 dagar, inklusive overnatting, reise til og frå oppdraget. Inntil 17 dagsverk til førebuing, rapportarbeid og oppfølging. I tillegg kjem inntil 3 stk. 14C-prøvar i fall det blir påvist relevant dateringsmateriale. Katalogisering av eventuelle gjenstandsfunn blir utført av Universitetsmuseet i Bergen. Resultata frå registreringa vert systematisert og samanfatta i ein rapport som vert send til tiltakshavar. Kartfiler som viser eventuelle automatisk freda kulturminne kan sendast ut før den endelige rapporten er ferdigstilt dersom det er ynskjeleg.

Kostnadsoverslaget

Kostnadane for den arkeologiske registreringa er kalkulert til å verte 405 023,- kr. (2023-kroner). Kostnader knytt til gravemaskin, brakke, toalett og gravemelding er ikkje medrekna i kostnadsoverslaget og kjem i tillegg. Til grunn for utarbeidingsa av overslaget er Riksantikvaren sine retningslinjer for gjennomføring av undersøkingsplikta og budsjettering av arkeologiske registreringar medhald av kulturminnelova § 9, jf. § 10 nytta. Denne vart vedtatt 21. august 2015, og oppdatert 14.11.2016.

Kostnadsoverslaget inkluderer arbeidstid til for-, felt- og etterarbeid, samt leige av bil, reiseutgifter, kost jf. statens regulativ, naudsnyt utstyr og 14C-dateringar. Det er satt av 15 timer til førebuanande arbeid for fettleiar. For sjølvfeltarbeidet er det estimert 225 timeverk fordelt på to arkeologar, medan etterarbeid som omfattar mellom anna handsaming av feltdokumentasjon, analysar og rapportskriving er estimert til 113 timer.

Maskinbruk

Det er estimert bruk av gravemaskin i felt til 14 dagsverk (om lag 112,5 timer). I tillegg kjem tidsbruk for attfylling av myra, dette er estimert til om lag 1 dagsverk.

Vi ber om å bli halde orientert om utviklinga i saka. Vi minner om at kommunen ikkje kan fatte positivt vedtak i saka før vi har gjeve endeleg kulturminnefagleg fråsegn.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan (Førde)

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan (Førde)

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 **Kostnadsoverslag Straume Nydyrkning**
- 2 **Akseptskjema_arkeologisk registrering 2023**

Kopi til:

STRAUME HOGNE JARLE	STRAUME	5939	SLETTA
STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER